

Skulebibliotekplan for Giske kommune 2025–2028



Skulebiblioteka i Giske

Giske kommune har éin ungdomsskule og fire barneskular. Alle skulane har eigne skulebibliotek.

Visjonen vår: Alle skal oppleve leseglede og leselyst

Samfunnsmandat: Skulebiblioteka er heimla i opplæringslova § 15-5 og i forskrift til opplæringslova §11-2

Giske kommune vil gje alle elevane våre høve til gode opplevingar gjennom litteratur, fordi lesing handlar om å bli kjend med andre og seg sjølv, og gir empati, fantasi, innsikt og variert språk.

Hovudmål: Eit likeverdig bibliotektilbod på kvar skule kor elevane erfarer at bøker er lett tilgjengelege, inspirerande og som bidrar til økt leseglede og leselyst

Saman om lesing.

«Leselyststrategien 2024–2030» har som mål å auke leselyst og leseferdigheiter. Jo meir vi les, dess betre lesarar vert vi. Derfor vil regjeringa satse på skulebiblioteka. Skulane på Giske er samde i dette. Elevane må oppleve litteraturen sjølv, men treng hjelp på vegen.

«Skulebiblioteket er ein læringsarena som bidreg til å fremje leselyst, gode leseferdigheiter og kritisk tenking. Skulebiblioteket skal vere særskilt tilrettelagt for skulen og vere tilgjengeleg for elevane i skuletida, slik at det kan brukast aktivt i opplæringa og vere ein integrert del av skulen sin pedagogiske verksemd.» – Utdrag frå «Saman om lesing»

Skulebiblioteka i Giske

- er viktige for å oppfylle måla i læreplanen
- bidreg til at elevane er aktive deltakarar i samfunnet
- aukar meistringskjensla og evna til å tenkje kritisk
- jamnar ut sosiale skilnader
- bidreg til å minske kjønnskilnader i lesekompetanse
- bidreg til å utvikle lese- og språkferdigheiter
- bidreg til å skape leselyst og leseglede
- byggjer ein sterkare kultur for lesing
- gjev tilgang til litteratur som motiverer og gjev leselyst

Kultur for lesing

Foreldre må involverast. Vi skaper lesarar saman. La barna bade i språk og bøker. Lesing gjev eit betre liv i framtida. Litteraturen har kraft til å endre. Gode leseferdigheiter skaper samhald. Utvikle kritisk sans. Bibliotekarar spreier leselyst. Dei byggjer demokrati og håp. Dei er kompetente. Dei har vilje til fornying og utvikling. Dei er engasjerte i barna sine leseønsker. Dei hjelper barna med å låne, velje ut og lese bøker. Litteratur skaper endringar hos barn og skaper lesarar.

Lesing for læring

Lesekondis må trenast og kan samanliknast med fysiske anstrengingar. Lesing er som kondisjonstrening, ein må lese mykje for å bli god, og fysiske bøker er viktige.

Lesing for fornøysens skuld

Lesing er hygge og underhaldning, derfor er dette noko skulen må legge til rette for gjennom heile skuleløpet. Å lese variert skjønnlitteratur utviklar leseglede og eit engasjement for lesing hos barn og unge. Å lese for fornøysens skuld styrker alle faglege resultat.

Plan for skulebiblioteka i Giske kommune

Målet er at skulebiblioteket skal vere eit fagleg og kulturelt senter for læring og ein integrert del av den pedagogiske verksemda til skulane i Giske. Elevane i skulen skal finne aktuell og relevant litteratur i skulebiblioteket sitt og bli inspirert til å lese både på skulen og heime. Skulebiblioteket skal brukast aktivt og vere ein integrert del av skulen sine planar. Elevane sin rett til tilgang til skulebibliotek er heimla i Opplæringslova og i forskrift til opplæringslova.

- Opplæringslova §15-5: «Elevane skal ha tilgang til skulebibliotek. Departementet kan gi forskrift om skulebibliotek..»
- Forskrift til opplæringslova §11-2: «Skulebiblioteket skal bidra til å utvikle språkferdigheitene, leseferdigheitene og evna til å tenke kritisk hos elevane, og til å jamne ut sosiale forskjellar.

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at elevane har tilgang til eit skulebibliotek eller eit anna bibliotek som er særskilt tilrettelagt for skolen. Biblioteket skal vere tilgjengeleg for elevane i skoletida, slik at biblioteket kan brukast aktivt i opplæringa på skolen.»

Alle skulane skal ha ein skulebibliotekar

Det er viktig å ha ein ansvarleg skulebibliotekar med god kompetanse. Ein kan gjerne nytte lærar med tilleggsutdanning i skulebibliotek eller bibliotekar med pedagogisk kompetanse.

- Skulebibliotekaren må være del av eit skulebiblioteknettverk i kommunen.
- Skulebibliotekaren må samarbeide med folkebiblioteket når det gjeld kompetanseheving/kurs.
- Skulebibliotekaren må få kontinuerleg tilbod om relevant etter- og vidareutdanning.

Samarbeid med Folkebiblioteket

Skulebiblioteka skal ha tett kontakt med folkebiblioteket. Det blir felles databasar i Cicero i løpet av hausten 2025. Det vil gjere samhandling og utveksling av bøker lettare.

- Folkebiblioteket deltek i nettverket med skulebiblioteka.
- Skulebibliotek kan bestille bokkassar på folkebiblioteket.
- Folkebiblioteket opprettar lånekort til alle 1. klassingane med utgangspunkt i klasselister.
- Det blir lagt opp til besøk begge vegar frå folkebibliotek og skulebibliotek.

Boksamlinga skal vere godt og oversiktleg organisert

For at elevane skal kunne lett finne fram til litteratur på eiga hand og finne bøker som passer til lesedugleik og interesse er det viktig å organisere samlinga med tanke på dette.

- Bruke kategoriar, tema og utstillingar i oppstillinga av media.
- Samarbeide med folkebiblioteket for å gjere samlinga brukarvenleg for elevane.



Det er viktig at elevane kan bruke skulebiblioteket også utanom dei fastsette timane. Skulebiblioteket skal vere eit godt og inspirerande rom å vera i. Her kan ein lese, finne informasjon og gjere lekser.

- Skulebiblioteket må ha gode og innbydande lokalar med ulike soner.
- Skulebiblioteket må organisere samlinga slik at elevane kan finne fram på eiga hand.
- Skulebiblioteket må ha eit enkelt utlånssystem som elevane kan bruke sjølv. (Utlånsautomat) I løpet av hausten 2025.

Skulebiblioteket skal involvere elevar i drift og formidling

Ved å engasjere elevassistentar blir elevane involvert i skulebiblioteket sitt og får nyttig arbeidserfaring.

- Elevassistentane kan jobbe med rydding, utlån og formidling.
- Skulebibliotekaren kan konsentrere seg om planlegging, samarbeid, undervisning.
- Elevråd er aktiv medspelar i å velgje innhald og presentasjon av litteratur.

Elevane skal bruke skulebiblioteket regelmessig

Skulebiblioteket skal vere eit fast innslag i elevane sin kvardag.

- Bruken av skulebiblioteket må leggst inn i planane til skulen.
- Bruken bør vere i samarbeid med skulebibliotekaren slik at elevane får best mogleg utbytte.
- Skulebiblioteket bør bli brukt til forfattarbesøk og andre kulturelle opplevingar.



Skulebibliotekar skal setje i gang leseprosjekt og lesestimulerande tiltak

- Kwart trinn er med i minimum eit leseprosjekt pr. skuleår.
- Skulebibliotekaren må lage ein plan for leseprosjekt i samarbeid med lærarane.
- Skulebibliotekaren bør bruke elevane aktivt i litteraturformidlinga.

Skulebibliotekar skal delta i kommunalt nettverk.

- Skulebibliotekkoordinator frå folkebiblioteket.
- Nettverksmøter og kompetanseheving



Giske kommune
historisk og framtidsretta